

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 22.10.2018
SAKSHANDSAMAR: Hilde Rudlang
SAKA GJELD: **Orientering om Odda sjukehus**

ARKIVSAK: 2016/2590
STYRESAK: **118/18**

STYREMØTE: **01.11. 2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saka til orientering.

Oppsummering

Det blir her lagt fram ei sak til orientering om Odda sjukehus. Vi viser til vedlagte brev frå Helse Fonna med ei vurdering av drifta ved Odda sjukehus.

Fakta

Som oppfølging av Nasjonal helse- og sjukehusplan gjennomførte Helse Vest og Helse Fonna eit prosjekt for Odda sjukehus i 2016. Prosjektgruppa var samd om at sjukehusa i Helse Fonna må samarbeide i nettverk, auke samarbeidet mellom kommunane og helseføretaket, leggje til rette for ambulering av spesialistar, dagkirurgiske tenester og stadleg leing. Det var ikkje semje om tilrådingane om akuttkirurgisk verksemd ved Odda sjukehus. I høyringa ga mange uttrykk for usemje om avvikling av akuttkirugi.

Styret i Helse Fonna vedtok i mars 2017 at Odda sjukehus blir vidareført som akuttsjukehus med akuttfunksjon i indremedisin, radiologiske tenester, laboratorietenester, planlagt kirurgi og anestesilege i døgnvakt, mens akuttkirurgisk verksemd blir avvikla. Styret i Helse Vest vedtok tilsvarande i april 2017, og vedtaket blei stadfesta av statsråden i føretaksmøte i april 2017.

I etterkant blei det ein omfattande politisk prosess. I føretaksmøte mellom Helse- og omsorgsdepartementet og Helse Vest i juni 2017 blei det i tilleggskdokument til oppdragsdokumentet vedtatt at Odda sjukehus mellom anna «skal kunne håndtere situasjonar med akutte alvorlig syke eller skadde pasienter/traumepasienter, og stabilisere for vidare transport. Dette gjelder både akutte alvorlege medisinske og kirurgiske tilstander».

Styret i Helse Fonna behandla i styremøte i september 2018 ei sak med orientering om Odda sjukehus (sak 61/18). Orienteringssaka var eit ledd i oppfølginga av vedtaket frå føretaksmøtet mellom Helse- og omsorgsdepartementet og Helse Vest i juni 2017. Styret i Helse Fonna vedtok å sende orientering om Odda sjukehus til Helse Vest. Orienteringa følgjer av det vedlagte brevet.

Kommentarar

Helse Fonna gjer i det vedlagte brevet greie for drifta ved Odda sjukehus, inklusive beredskap. Helse Fonna har vidareført drifta ved Odda sjukhus utan endringar. Føretaket vurderer drifta til å vere i tråd med tilleggskdokument til oppdragsdokument for 2017. Dette er også tatt omsyn til i utviklingsplanen som blei vedtatt av styret i Helse Fonna i juni 2018.

Helse Fonna har formelt sett ikkje fått vidareført kravet i tilleggskdokument til oppdragsdokument for 2017 i eige styringsdokument. Føretaket er likevel gjort kjent med kravet, og det har vore ein dialog mellom leiinga i Helse Vest og i Helse Fonna om oppfølginga.

Administrerende direktør stiller seg bak vurderingane som er gjort i Helse Fonna om at drifta ved Odda sjukehus er i samsvar med vedtak i føretaksmøte med statsråden juni 2017 og krav i tilleggskokument til oppdragsdokument for 2017. Administrerende direktør understrekar at det må stillast dei same krava til effektivitet og kvalitet ved Odda sjukehus som i resten av Helse Fonna.

Konklusjon

Styret tar saka til orientering.

Vedlegg:

Brev frå Helse Fonna HF til Helse Vest RHF – Orientering om Odda sjukehus